Nr. 8 Oktober 2005 – Årg. 20



# Bygdabladet for BOKN





I jakttida mottar flere grunneiere ferdig partert kjøtt på døra, mange arbeidstimer siden dyret ble felt.
Les meir s. 8



Fargerike og svært innbydande bord med frukt og grønt prega gymsalen i lunsjtida 7. oktober.
Les meir s. 10



Martin Trosnavåg gjekk heilt til topps i sin klasse under KM i trial på Årabrot i Haugesund.
Les meir s. 14

www.bygdabladet.no



# ORDFØRAREN HAR ORDET

**"KJEKT PÅ BOKN"**
Dette er den nye visjonen for Bokn, vedtatt av kommunestyret ved behandling av kommuneplanen for 2006-2009.

For at det skal vera kjekt for alle må me ta fatt i oss sjølve og bidra positivt til ei god utvikling på Bokn. Me må engasjera oss, delta i det som skjer og bry oss om bygda og dei som bur her.

Uansett om me blir eigen kommune eller ikkje er Bokn si framtid som levande lokalsamfunn heilt avhengig av at me som innbyggjarar tar fatt i utviklinga og får noko til å skje. Det kan vera for å skapa arbeidsplassar, delta i frivillige lag og organisasjonar, driva med politikk, eller besøka familie, venner og naboar. Me må tenka på korleis me kan hjelpa og støtta dei som treng det eller vil få til noko som er bra for bygda.

Måla som kommunestyret har sett seg er at me skal bli 800 innbyggjarar innan 2010, arbeidsløysa skal vera under gjennomsnittet for Rogaland og alle skal trivast på Bokn.

Arbeid for fleire arbeidsplassar, skapa nye uformelle møteplassar og tiltak for å sikra gode oppvekstvilkår for barn og unge blir svært viktige satsingsområde.
I tillegg vil ein satsa på eit prosjekt som skal framheva at Bokn brukar naturen og muligheitene som ligg der til helseførebyggjande arbeid og til å gjera skulegangen i Bokn spesiell.

Tanken er at dette prosjektet skal medføra at skulen får eit tilbod som er så unikt og godt at det vil dra folk til Bokn, i tillegg til at det vil medføra at me føler velvære med å bu på Bokn.

**Arealdel**
Eg kan ikkje kommentera kommuneplanen utan å komma innom denne.

Kommunen merkar eit mykje sterkare press for å få bygd hytter nå enn ein kunne for kort tid sidan.
Kommunestyret og landbruksorganisasjonane har hatt og har ei forholdsvis restriktiv haldning til nye hytter samtidig som mange grunneeigarar vil bygga hytter.
Kommuneplanen opnar for nokre nye hyttefelt, men alle får ikkje lov.

Det er sjølvsagt beklagelig overfor dei som ikkje får lov og eg kan forstå at det kan følast urettferdig. Det er fleire årsaker til at det ikkje alltid blir gitt lov. Andre offentlige myndigheiter kan av forskjellige årsaker, som byggjeforbod i strandsona og allmenn ferdsel, setta foten ned og det kan vera at kommunestyret ikkje vil opna uberørte område for hyttebygging nå.

Det er eit tankekors for meg at statlege myndigheiter skal bestemma så mykje over våre areal. Det lokale sjølvstyret er svært avgrensa. Kva har det å seia for folk om naustet er 35 eller 40 kvadratmeter?. Spørsmålet må jo bli om det skal byggast naust eller ikkje.
Elles trur eg kommuneplanen gir rom for ein god utvikling på Bokn framover.

**Kommunestrukturen**
Kommunestyret har og diskutert oppbygging og innhald i avtalen med Tysvær og søknaden til departementet, som skal ligga til grunn ved folkerøystinga om kommunesamanslåing.

Innhaldet og kommentarane er omtalt i dette bladet på s. 4. Elles så eg vil berre seia at eg trur det er ein god avtale og innspela blir tatt med til endelig utforming av avtale og søknad.
Arbeidet elles går sin gang og konsekvensutredninga er forventa ferdig rundt årsskiftet.
Eg er spent på diskusjonen om kva som er best for boknasamfunnet i framtida.

*Svein Ove*

## Næringsliv

### Ny daglig leder i Haugaland Industri- og Næringsforening

**Haugaland Industri- og Næringsforening har ansatt Ragnar Larsen som ny daglig leder i foreningen.**

Larsen etterfølger Stein Alendal, som etter eget ønske går over i en prosjektledende stilling i foreningen, begge tiltrer sine respektive stillinger den 17. oktober.

Foreningen som i dag består av over 200 bedrifter – små og store fra ulike bransjer - samt 13 lokale næringslivsorganisasjoner styrker gjennom dette sin administrasjon for å kunne være den naturlige samhandlingsarena for utvikling av et konkurransedyktig, variert og fremtidsrettet næringsliv i regionen.

Foreningens formål er å ivareta næringslivets interesser overfor både folk og myndigheter, samt bidra til positiv markedsføring av regionen og medlemmene. Det innbefatter videre å skape møteplasser for relasjonsbygging, samarbeid og kompetanseutvikling blant medlemmene. Foreningens arbeidsområder er næringspolitikk, medlemsservice og nettverksbygging.

Ragnar Larsen skal arbeide i en 50 prosentstilling og vil kombinere dette med øvrige gjøremål. Larsen har vært banksjef i Nordlandsbanken og sjefredaktør i flere aviser – sist i Haugesunds Avis. De siste årene har Larsen vært selvstendig næringsdrivende og bl.a. vært kommentator i TV Haugaland. Dette er et oppdrag han skal fortsette med.

# Bra resultat igjen

Jardar Havikbotn

**Berre Utsira og Forsand i fylket gav meir pr. innbyggar enn Bokn til TV-aksjonen 2005.**
I fjor gav Bokn mest av alle kommunane i Rogaland og var blant landets mest gavmilde kommunar. Årsaka til dette var fleire gåver og gjevartelefonar i 2004, for det var nemleg meir i bøssene i år (kr. 30.561,- mot kr. 29.394 i fjor).

Ann Jeanette S. Olaussen i SR-bank Bokn fortel til Bygdabladet at bøssebærar-økta blei avvikla på ein tradisjonell og grei måte, sjølv om ei av rutene var vel lang. Dette skal kommunekomitéen retta på til neste år.

Totalbeløpet tilsvarar 24.10 kl. 12.00 kr. 73,78 pr. innbyggar mot Forsands 79,28 og Utsira sine 112,96. Dette er bra, med tanke på at det på landsbasis er kr. 30,32 pr. innbyggar, i ein av dei beste TV-aksjonane i historia - med nesten 140 mill. innsamla kroner.

**Unormalt forrige år?**
I fjor var resultatet i Bokn nesten kr. 124 pr. innbyggar, og dåverande fylkesaksjonsleiar, Kjartan Førde, antok at det var gjevarar som hadde ringt inn beløp. Dette beløpet var veldig stort.
Fylkesaksonsleiar, Margaret Sanner, har etter aksjonen ikkje vore tilgjengeleg for kommentar, og det er usikkert om summane kjem til å stiga. Uansett er resultatet i toppklassen!

**Takk!**
I tillegg til sanitetsdamene og repr. frå Bokn Røde Kors gjekk også damer frå NMS, Indre sjømannsmisjon og Ytre sjømannsmisjon samt andre frivillige med bøssene under årets aksjon. Det var godt å oppleva den gode og breie responsen før aksjonsdagen. Me må alle passa på at eldsjelene, dei som samlar inn år etter år, ikkje brenn seg ut.

På vegne av ein imponert kommunekomité vil eg retta ein stor takk til alle bøssebærarane. Og til SR-bank Bokn for sikker handsaming og organisering av pengane samt sosialt samkvem med kake og kaffi.

Stor takk til alle i Bokn som støtta TV-aksjonen 2005!

---

**Og innsamlinga i Bokn fekk ein god start då skulen for tredje året på rad hadde ope hus med basar i samband med TV-aksjonen. Det kom inn over 10.000 kr.**

- Nå har nok dette blitt ein årleg tradisjon, smiler rektor Ingjerd Ellingsen.
Som i fjor hadde ho fått med seg ungdomsskuleelevane i organiseringa av denne populære føremiddagshendinga. 9. kl. sørga for heimabakst, kaffi og saft medan 8. og 10. kl. stod for oppsett av bord, stolar og gevinstar. Blant sistnemnde stod også gåver frå bygdafolket.

Ordførar Svein Ove Alvestad frå den kommunale aksjonskomitéen var også i år på plass. Han kunne m.a. konstatera at det aldri blir nok av møteplassar i ei lita bygd. Mange hadde tatt turen og gymsalen blei etterkvart full av folk i alle aldre. Foreldre og besteforeldre kunne også besøka sine i klasseromma før dei sette seg til og venta på at gevinstane skulle trekkkast.



**Mange innkomne gevinstar.**

Og elevar frå mellomsteget stod for loddsalet. Lærar Solveig Våga var svært nøgd med resultatet.
- Elevane selde heile 1.600 lodd og var synleg stolte over alle pengane som kom inn.

Arrangementet skal leggast inn i lokal læreplan, som ein del av **Den kulturelle skulesekken**. Då blir det t. d. lettare å spissa prosjektet med innøvde elevinnslag frå scenen samt laga fleire gevinstar slik at det heile blir endå betre.



**POPULÆRT: Ordførar Svein Ove Alvestad og Solveig Ellingsen blir servert av niendeklassingane Didrik Alvestad og Daniel Dobrev (skjult).**

# Kommunestyret drøfta avtale om samanslåing Bokn/Tysvær

Reidar Alvestad

**Den 11. oktober var den førebels skissa til avtale mellom Bokn og Tysvær om tenesteyting og utvikling i samband med ei eventuell kommunesamanslutning oppe til diskusjon og kommentarer i kommunestyret.**

Ordføraren orienterte først om styringsgruppa sitt arbeid til nå, og sa at det hadde vore 4 møte kor det var ein god og positiv dialog. Kommunestyret skulle i denne omgangen ikkje ta stilling til kva dei skal meina om den endelege avtalen, men ein var meir ute etter synspunkt på det som var kome med i utkastet til nå, og kva som mangla.

Ordføraren nemnde at det i inneverande stortingsperiode har vore løyvd ekstra midlar frå departementet til nye tiltak når kommunar har slått seg saman. Han meinte det var grunn til å tru at dette ville halda fram, sjølv om me har fått ei ny regjering.

Utkastet til avtale er i 12 punkt. Ordføraren gjekk gjennom alt punktvis, og det var høve til spørsmål og kommentarar til dei enkelte punkta.

**Punkt 1** seier at den nye kommunen skal vera ein robust kommune kor ein legg til rette for utvikling for livskraftige bygder med gode, desentraliserte tenester.

**Punkt 2** seier at kommunenamnet i den nye kommunen blir Tysvær.

**Punkt 3** seier at kommunesenteret i den nye kommunen blir Aksdal.

**Punkt 4** seier at kommunevåpenet i den nye kommunen blir identisk med Bokn kommune sitt kommunevåpen.

**Punkt 5** seier at ingen tilsette i Bokn eller Tysvær kommunar skal seiast opp som følgje av ei eventuell kommunesamanslåing, men det kan bli endringar i den enkeltes arbeidsoppgåver og arbeidsstad.

**Punkt 6** seier at ein er samde om å oppretthalda eit godt kommunalt tenestetilbod til innbyggjarane på Bokn, med tilsvarande tilgjengelegheit som i dag. Desse tenestene skal gis same mulegheit for vekst og utvikling som tilsvarande tenester elles i den nye kommunen.
Det kan skje endringar i tilgjengelegheit i tenestetilbodet dersom samfunnsmessige endringar tilseier det, behovet for tenestene endrar seg eller det skjer endringar som kommunen sjølv ikkje har kontroll over, til dømes som fylgje av statlege vedtak eller lovendringar mv.
Ut frå dagens behov skal fylgjande tenester også i framtida vera lokalisert i Bokn kommune:

Servicekontor lokalisert på Boknatun med fylgjande innhald:

NAV-tenester (aetat/likningskontor/trygdekontor og sosial).
Saksbehandlar for enkel saksbehandling mellom anna innan byggesaksbehandling.
Landbrukskontor 1 dag i veka.
Tenestetilbod på dagens nivå innan pleie, omsorg, lege og fysioterapi.
10 årig grunnskule lokalisert til Bokn skule.
2 avdelings heildags barnehage lokalisert til Bokn barnehage
SFO lokalisert til Bokn skule
Kombinert folke- og skulebibliotek lokalisert til Bokn Folkebibliotek.
Kulturmedarbeidar lokalisert til servicekontoret eller Bokn skule.

**Punkt 7** seier at for å bidra til ei positiv utvikling når det gjeld næringsutvikling og busetting på Bokn, skal det for kommuneperioden 2008—2011 opprettast eit bygdeutviklingsutval for Bokn. Utvalet skal i perioden ha eit eige budsjett på inntil kr. 4,4 mill. som skal kunna nyttast til utviklingsføremål i Bokn.

**Punkt 8** seier at for å bidra til ei positiv utvikling av Bokn er ein samde om at det kan etablerast eit nærmiljøanlegg på Bokn, innafor ei kostnadsramme på 15—20 mill. kroner. I nvesteringa gjennomføres i løpet av den komande kommunestyreperioden 2008—2011.

**Punkt 9** seier at i samsvar med praksis frå andre kommunesamanslutningsprosjekt er kommunane samde om å søkja kommunal- og regionaldepartementet om tilskot til infrastrukturutbygging i samband med ei eventuell kommunesamanslutning.

**Punkt 10** seier at dersom ein i begge kommunane ved den rådgjevande folkeavrøystinga svarar ja til kommunesamanslutninga, og kommunestyra sluttar seg til dette, settes det ned ei fellesnemnd for å gjennomføra samanslutninga i samsvar med reglane i inndelingslova. Det søkes om dispensasjon frå krava i inndelingslova til representasjon i fellesnemnda ut frå innbyggartalet i dei to kommunane.

**Punkt 11** seier at ved ei eventuell kommunesamanslåing skal fellesnemnda bestå av formannskapa i dei to kommunane (eller 5 frå Tysvær og 4 frå Bokn).

**Punkt 12** seier at eksisterande eigedelar og gjeld i dei to kommunane går inn i den nye kommunen.
Ingen av kommunane skal i perioden fram mot ei eventuell kommunesamanslåing gjera disposisjonar som er til ugunst for den framtidige kommunen.

**Ikkje juridisk bindande**
Ordføraren orienterte også om at sjølve avtalen ikkje blir juridisk bindande etter ei eventuell kommunesamanslåing. Dette tyder at avtalen er å rekna som ein intensjonsavtale, og at eit eventuelt nytt felles kommunestyre juridisk sett kan gjera vedtak som ikkje samsvarar med det som står i avtalen. Då vil det vera dei moralske haldningane til avtalen det vil gå på.

**Alt kan ikkje koma med i avtalen**
Fleire av kommunestyret sine medlemmer hadde spørsmål og kommentarer til det som nå låg føre.

**Kyrre Lindanger** meinte at det er innbyggjarane i Bokn som må overtydast om ei kommunesamanslåing. Med dette meinte han kanskje at det ikkje har så stor betydning for innbyggjarane i Tysvær om det blir sa-

manslåing eller ei. Han sa også at han lurte på hensikten med ei kommunesamanslåing dersom nivået på tenestene lokalt i Bokn skulle haldast på same nivå som i dag.

**Gunnar Bokneberg** syntest det mangla noko i punkt 6 vedrørande ungdomsarbeid på Bokn i ein ev. ny kommune. I punkt 7 ville han ha meir inn om nærmiljø.

**Marie Løvoll Faye** syntest ein hadde fått mykje med i avtalen, men også ho ville hatt meir med vedr. sikring av ungdomsarbeid lokalt på Bokn. Under punkt 7 og 8 om næringsutvikling/busetting og nærmiljøanlegg meinte ho at det var viktig at Bokn fekk noko ekstra for å sikra framtidig busetting.

**Per Helge Sunde** var opptatt av at me kunne ha ei god eldreomsorg også i framtida, og at folk som bur her måtte sikrast fortrinn til sjukeheimsplass i nærmiljøet sitt ved ei eventuell kommunesamanslåing.
Også **Ann Jeanette Olaussen** var opptatt av at ein måtte rusta seg opp slik at ein ville få gode tilbod innan t.d. eldreomsorg og barnehage i framtida.

**Kleng Våga** viste til at utvalet hadde kome godt i gong. Han meinte at det i punkt 7 om næringsutvikling og busetting også burde bli gitt opning for andre føremål som kunne dukka opp etter kvart.
Han var også opptatt av punkt 6 i avtalen om tenestetilbodet lokalisert til Bokn, og spurte om det som i dag er på Bokn skal oppretthaldast.

Rådmannen svara at dei tenestene ein har i dag, og som ein ynskjer å oppretthalda, kan ein ha vidare. Han sa at kommunane har gode tenester i dag som skal utviklast vidare. Til punkt 7 sa han at det må utarbeidast vedtekter for bruken av dei midlane som blir løyvde, og at ein der kan få inn ev. nye føremål.

**June Grønnestad** spurte om tannlegen ville ha kontor i Bokn, og til det vart det svara at ein ikkje har kontroll på dei fylkeskommunale og statlege kontora kor vidt dei blir eller forsvinn frå Bokn.
Ambulansebilen var **Per Helge Sunde** opptatt av, men ein kunne ikkje svara på om den ville bli verande i Bokn. Dette vil som nemnt også gjelda for tannlege og trygdekontor.

Dersom trygdekontoret berre skal vera representert ein stad i kommunen, vil det sjølvsagt bli i kommunesenteret i Aksdal. Det er vel rimeleg å tru at dette også vil gjelda den nye satsinga på NAV—nytt arbeids- og velferdskontor der aetat og trygdekontor går saman og skal samarbeida tett med sosialtenesta. Frå administrasjonen vart det sagt at det frå styringsnemnda var intensjonen at eit nytt arbeids- og velferdskontor (NAV) også skulle gi tenestetilbod i Bokn.

Det viste seg etter kvart at fleire representantar var opptatt av punkt 6 i avtalen om kva som skulle behaldast av tenester i Bokn, og kva nivå dei skulle ha. Både rådmann og ordførar viste til intensjonen i avtalen om at tenestetilbodet i Bokn skal oppretthaldast, og meinte at det var vanskeleg å laga altfor detaljerte punkt om dette.

På spørsmåla som kom, sat ein med ei kjensle av at folk blei noko usikre på dette punktet. Blir det berre eit servicekontor som skal dekka dei ulike tenestene som i dag finst i 1. etasje i administrasjonen i Boknatun, eller vil det bli tenestetilbod med ulike kontor, fagfolk og nivå som i dag.

**Ikkje "kommune i kommunen"**
Det som kom klart og greit fram, var at Bokn ikkje kan halda fram og foreta seg ting som ein eigen kommune etter ei eventuell kommunesamanslåing, sjølv om ein har tenestetilbod lokalisert her på staden. Då må ein sjølvsagt halda seg til dei reglar og retningsliner som vil gjelda i "nye" Tysvær kommune. Vil ein då endra på tenestetilbod og service i Bokn, er det avgjerder som må takast administrativt eller politisk i "nye" Tysvær kommune.

**Vidare arbeid**
Det skal nå arbeidast vidare med avtalen som skal leggast til grunn før kommunestyret seinare skal ta endeleg stilling til om det vil tilrå avtalen før folkeavstemninga neste haust. Det skal også utarbeidast ei konsekvensutgreiing om kva ei kommunesamanslåing vil bety for dei to kommunane.

## Andre saker frå kommunestyremøtet 11.10:

Sak nr.:022/05 - ORIENTERING OM TILBODET TIL FUNKSJONSHEMMA BRUKARAR.
**Kommunestyre sitt vedtak:**

Kommunestyret tok orienteringa til etterretning.

---

Sak nr.:023/05 - KOMMUNALE AVGIFTER 2005.
**Kommunestyre sitt vedtak:**

Det kommunale avgiftene for 2005 vart korrigert for ny mva. på 25 %.

---

Sak nr.:024/05 - BUDSJETTKONTROLL 2005 – KVARTALSRAPPORTER.
**Kommunestyre sitt vedtak:**

Økonomirapporten for perioden 01.01.06 – 30.06.06 tas til etterretning med fylgjande budsjettendring:

Auka driftsinntekter seksjon helse, kr 398.000,-, vert nytta til styrking av posten avsett til tilleggsløyvingar.

Teknisk ramme blir styrka med kr 50.000,-.

Sak nr.:026/05
KOMMUNEPLANRULLERING I KOMMMUNESTYREPERIODEN 2003 – 2007.

**Kommunestyre sitt vedtak:**

Kommunestyre vedtok kommuneplan for perioden 2003 – 2007.

---

Sak nr.:027/05 - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV.
**Kommunestyre sitt vedtak:**

Torstein Alvestad får fritak frå alle politiske verv, som omsøkt.

---

Sak nr.:028/05 - MELDINGSSAKER:
**Kommunestyre sitt vedtak:**

Meldingssakene blei tatt til etterretning.



# Lysare tider for Bokn Plast

Reidar Alvestad

**Godt år i 2005**

**2004 var eit tøft år for Bokn Plast. Produksjonen av utstyr til oljeinnstallasjonar offshore var redusert kraftig, og dei høge oljeprisane som bestemmer prisane på råvaren polyester, gjorde at bedrifta ikkje tente pengar på tankprodukta sine.**

2005 teiknar imidlertid til å bli eit skikkeleg løft. Bedrifta har fått opp prisane på produkta sine i samsvar med auka råvareprisar, og dei har hatt oppdrag til offshoreindustrien som har medført større produksjon og betre inntening. Dagleg leiar Helge Rasmussen seier til Bygdabladet at ein nå ser lyst på framtida i Bokn Plast. Det er gode tider, og framtidsutsiktene er prega av optimisme. Det har vore eit godt år både når det gjeld omsetnad og inntening.



**Store modular som skal verna om innstallasjonar på havbotn, om bord i båten som skal frakta dei.**
**Foto frå Bokn Plast**

## Produktområde

Bokn Plast har i hovudsak to bein som er pillarar i deira produksjon.
Det eine er tankproduksjonen. Dette er tank til bruk innan olje, miljø og vatn, og dreier seg om 3.500 tankar pr. år. Tankproduksjonen har faktisk auka frå 2.000 til 3.500 på dei siste 6 åra.
Det andre er produkt til offshorebransjen, og dreier seg om beskyttelsesstrukturar i glasfiberarmert polyester.

## Offshore

Dei oppdraga som Bokn Plast har hatt det siste året til offshore-verksemda, er større strukturar til Visund-feltet som ligg ute i havet nord-vest for Bergen. I tillegg har dei hatt ein god del oppdrag innan offshore til engelsk sektor. Det dreier seg om beskyttelsesstrukturar over innstallasjonar på havbotnen for overtråling, mv. Bedrifta har i nokre mnd. i år hatt ein del prosjekt-tilsette for å greia desse oppgåvene utført innafor avtalt kontrakttid.

## Utfordringar

Dette betyr ikkje at det er mangel på utfordringar. Tidlegare i år la bedrifta beslag på eit større offentleg område nord for produksjonslokala på kaien i Føresvik. Dette førte til at ulike interesser blei utfordra. Bedrifta trong plass til store modular, og fekk bruka eit offentleg område på kaien.




**Kranbilen heiser modulane om bord i båt som skal føra dei til oljefeltet til havs.**
**Foto frå Bokn Plast**

Kundar ved butikken i Føresvik fekk pga dette mindre område å parkera på, og det blei mindre plass ved bensinpumpene. Nokre lurte også på om det kunne vera skadelege stoff i lufta når det vart utført forskjellig arbeid på modulane som låg på kaien.

Helge Rasmussen seier at dei ikkje har hatt klager eller uønska hendingar i forhold til dette arbeidet på offentleg område, og dei har hatt ein god dialog med kommunen, handelslaget og folk som er brukarar av området. Bedrifta er godt kjent med dei problema dette kan skapa, og tar så mykje omsyn til dette som dei kan.

Bedrifta har elles hatt ei sak om støynivået frå enkelte naboar. Dette har dei jobba med i lag med involverte partar, kommune og fylke, og det ser ut til å bli ei akseptabel løysing.

## Toppar seg om sommaren

Årsaka til at behovet for produksjonsareale og lagerplass er så stort midtsommars, er at produkta må vera leveringsklare i god tid slik at tankane kan koma i jorda før telen kjem, og at produkta til offshorebruk må monterast på havbotnen før vinteren set inn med dårleg ver på havet. Difor er behovet for lager og produksjonsplass så stort midt på sommaren, og ein må ty til midlertidige løysingar.

## Fleire bein å stå på

Bokn Plast har som mål å få ein meir stabil ordretilgang gjennom året. For tida går det på tankproduksjon, men dei arbeider stadig med å få inn andre og nye ordrer. Tida vil visa om dei vil lykkast med det.



**Krana, som skal frakta modulane til havs, er solid og kan ta tunge løft.**

**Foto frå Bokn Plast**

### Nytt område i sør

Bokn kommune har strekt seg langt for å vera med å tilrettelegga eit industriområde sør den tomta som Bokn Plast har i dag. Dette brukar dei til lagring, og mange undrar seg på kvifor det ikkje er bygd opp ein ny stor produksjonshall her.

Helge Rasmussen seier at det er to hovudgrunnar til at dei ennå ikkje brukar dette området meir enn til lagringsplass. For det første er det ikkje tilrettelagt i forhold til infrastruktur på området slik at alt kan produserast der i dag. For det andre har ikkje bedrifta sett seg råd til å bygga hall pga at dei ikkje har fått tilstrekkelege langsiktige kontraktar som kan forsvara eit slikt kostnadskrevande prosjekt. Om dei hadde fått slike, ville dei ha ynskje om å bygga hall. Bokn Plast trengte å ha klart eit utbyggingsområde tidlegare då dei var i konkurranse om ein stor langsiktig Statoil-kontrakt.

### Lokal arbeidskraft

I den faste staben er det omkring 25 fast tilsette ved bedrifta. I hektiske periodar med større oppdrag kan det vera opp til 40-45 personar i arbeid. Nå for tida er det berre den faste grunnstammen som arbeider ved bedrifta, sidan dei ulike oppdraga innan offshore som dei hadde tidlegare er ferdige i denne omgang.

## Kultur




# Bygdabladet er 20 år!

## Det fyrste prøvenummeret kom i oktober 1985

Jardar Havikbotn




**Me vil framover presentera lokalhistorie i ei fast spalte "Bygdabladet for 20 år sidan".**

Tida går fort og det er faktisk 20 år sidan Reidar Alvestad laga det fyrste prøvenummeret. Det andre kom i desember 1985.

Eg veit at fleire boknarar samlar på desse bladene, og det er kanskje andre enn kommunen som har samtlege utgåver frå 1985 og fram til i dag.

Det er svært mykje kulturhistorie samla i desse bladene, og det bør vera interessant lesning, kanskje særleg for innflyttarar og dei som er fødde etter at Bygdabladet kom ut fyrste gong.

Me vil plukka ut ein eller to artiklar kvar gong, gjerne stoff som er aktuelt til situasjonen i dag.
Dersom lesarar er interesserte i kopiar av gamle blad kan dei ta kontakt med kulturkontoret.

I det fyste prøvenummeret kunne ein lesa om kombibygget (Boknatun) som skulle koma, om Bokn hadde bruk for bygdeblad, om Skulekorpset sin auksjon, om ungdomsåret 1985 i Bokn, om TV-aksjonen det året, om oppussing på Diskoteket, Verdensbarnedagen, vandreutstilling, brannbil til Bokn, tilsetting av kommuneingeniør og frå kommunestyremøtet 24.09.85.

Frå dette møtet har eg plukka frå saka om **kommunevåpen i Bokn**, aktuelt i dag i samband med konsekvensutredningsprosessen i kommunesamanslutningsprosjektet.

### Bygdabladet for 20 år sidan

- frå kommunestyremøtet 24.09.85 -

KOMMUNEVÅPEN FOR BOKN

3 1/2 år tok det frå formannskapet i 1982 ba kulturstyret ta opp saka med kommunevåpen for Bokn, til kommunestyret i siste møte med 11 mot 5 røyster gjekk inn for at motivet Varde i sølv på blå botn vert lagt til grunn med sikte på å få dette motivet godkjent som kommunevåpen for Bokn kommune.

Ein av grunnane til at denne saka har tatt så lang tid, er at det er svært strenge reglar for å få eit kommunevåpen godkjent. M.a. skal det ikkje vera meir enn eitt motiv i våpenet. Det var dette som var hovudårsaka til at Riksarkivet ikkje ville godkjenna det framlegget som kommunestyret hadde i 1984. Då vedtok nemleg kommunestyret at motivet Varde over bølger skulle arbeiast vidare med - med sikte på å få dette godkjent. Dette gjekk altså ikkje Riksarkivet med på.

Det er nå Kommunal- og arbeidsdepartementet via Fylkesmannen som skal gje endeleg godkjenning for motivet Varde i sølv på blå botn.

Det blå i botnen skal m.a. symbolisera havet – og at det er ein øykommune. Sølvfargen i varden kan symbolisera at fiske har vore, og er ei viktig næringskjelde for folk i kommunen (havets sølv). Motivet i seg sjølv kan også symbolisera sjølve øya (Godt landemerke på lang avstand).



# Bukken på Bokn

Kari Hetland

**I jakttida mottar flere grunneiere ferdig partert kjøtt på døra, mange arbeidstimer siden dyret ble felt.**

Som en av disse grunneierne forstår man kanskje ikke helt hva som ligger bak av arbeid før man blir med selv for å få dyret hjem.



**Håvard Hetland har felt sin første hjort.**

At dette er arbeid ble erfart da bukken på 97 kilo ble felt i "Svortemyr" (mellom Laupland og Hognaland) søndag 9. oktober om ettermiddagen. Storbukken, som har stått og brølt oppi fjellsida ved Hognåsen og markert seg ved å skrelle barken av trærne med geviret, var blitt oppservert flere ganger, der han majestetisk har dukket opp ulike plasser i området, men han måtte gi seg til slutt da han kom rett imot jeger Håvard Hetland.

### Rask hjelp

Det ble ringt til jaktlederen i valdet, Arvid Sæbø, og han var ikke sen om å komme til hjelp. Han stilte med blant annet presenning, tau og hodelykt. Det var tydelig at dette hadde han vært med på før.



**På Hognaland stod Jacob klar med traktoren.**

Presenningen var ment til å binde rundt dyret for at den lettere skulle bli dratt eller renne ned der det var mulig i terrenget. Men det var lettere sagt enn gjort. Presenningen dro seg av litt etter litt så den løsningen måtte gis opp etter hvert.

Det ble å dra og samtidig passe på at dyret ikke for utfor eller i huller langs stien.

Mørket kom gradvis så det ble en utfordrende tur for å finne stien, bære utstyr og få dyret over fjellet og ned til Laupland. Det ble ringt til ytterligere hjelp og Ingvard Ørjansen kom oss i møte med lommelykt. Han ble godt mottatt da slitingen kjentes på ryggen etter hvert.



**Fv. Arvid Sæbø, Håvard Hetland og Jacob Hognaland.**

Bortimot 2 timer tok det før dyret var nede på Laupland.

### Erfaring

Arvid Sæbø hadde tatt med henger på bilen og dyret ble fraktet til Hognaland hos tidligere jaktleder, Jacob Hognaland. Her ble dyret tatt godt hånd om av erfarne jegere og heist i talje for så å bli flådd og veiet. Jegeren som felte dyret fikk god opplæring. Det ble seint og langt på kveld før dette arbeidet var ferdig.

Noen dager senere var det partering og kjøttet ble lagt i poser til utkjøring til de forskjellige grunneierne.

Vi har etter denne "jaktopplevelsen" tenkt mer på arbeidsinnsatsen, som har blitt lagt ned av tidligere jaktleder Jacob Hognaland og nåværende jaktleder, Arvid Sæbø og andre i jaktlaget som i årenes løp har bidratt for at vi som grunneiere skulle få kjøttet levert på døra.



Arbeidet i jakta og spesielt etter at dyret ble felt måtte som i de fleste ting i livet erfares selv, og det fikk vi denne søndagen i oktober.

**Jaktleder i jaktvaldet Hognaland/Laupland i Bokn, Arvid Sæbø, med ein bukk på 110 kg i fjor.**

**NY BARNEHAGELOV FRÅ 1. JANUAR 2006**

Den nye barnehagelova trer i kraft frå 1. januar 2006. I den samanheng er det no ute på høyring eit framlegg til ny rammeplan for barnehagen. Høyringsfristen er 7. november.
Rammeplanen blir ein forskrift til loven.

Departementet opplyser at planframlegget ligg på internett på adressa www.bfd.dep.no

**SKULE-SU HAR UTSETT VALET AV LEIAR OG NESTLEIAR FOR 2005/06**

Då SU hadde sitt første møte i haust 21. september var ikkje alle val av nye foreldrekontaktar gjort. Av den grunn blei vala utsett til neste møte i SU.

**MØTE FOR ALLE FORELDREKONTAKTANE FOR 1. TIL 10. STEG**

Møtetid er fastsett til måndag 24.10.2005 kl 1900.
På dette møtet blir det mellom anna val av nytt arbeidsutval (FAU) og informasjon og drøfting rundt dei økonomiske rammene for skulen for skuleåret 2006/07.

**ENDRING AV MØTEDATO FOR SKULE-SU**

Neste møte i SU er fastsett til onsdag 26.10.2005 kl 1900. (Oppsett møte etter møteplanen 02.11.2005 går ut)
Siste møte i haust blir 23.11. som fastsett i møteplanen.

**SKULEMILJØUTVAL**

Det er nytt i Opplæringslova at skulane skal ha eit "skulemiljøutval". Skulemiljøutvalet har ikkje vedtaksmynde men skal halde seg orientert om alle sider ved skulemiljøet. Foreldra og elevane skal saman ha fleirtal i utvalet.

Samarbeidsutvalet har tilrådd at samarbeidsutvalet med visse endringar blir skulemiljøutval. Lova opnar for dette, og det er mange kommunar som vel denne løysinga.
Formannskapet avgjer denne saka.

**FORELDREMØTE FOR SKULEN I NOVEMBER**

Etter ønskje frå SU blir det foreldremøte for alle foreldre/føresette. Møtetidspunkt er fastsett til onsdag 02.11.2005 kl 1900. Møtet blir sannsynlegvis i auditoriet.
Det kjem eigen møteinvitasjon seinare, men me kan alt no røpe at det blir innslag ved Frans Gisle Hansen i "MOT" og Ove Alvestad frå Bufellesskapet.
SU har bedt om at innhaldet i møtet blir tilpassa alle foreldre/føresette, enten dei har barn på yngste eller eldste steget, at det blir orientert om arbeidet i skulen i år, og at det blir sett av tid til spørsmål frå foreldra.

**NATURSKULEN**

Bokn skule har i heile haust hatt nokre elevar mykje ute i skog og mark. Dette blei SU orientert litt om i siste møte. Snart vil skulen ha på plass ein lavo som vil gjere friluftslivet meir uavhengig av ver og vind.
Det er tanken at dette skal utvikle seg vidare og at mange elevar etterkvart skal få glede av tilbodet. Skulen er no ivrig etter å kunne utvide naturskulen sin meir mot sjø, båt og fiske.

**10. KLASSE VEL TILBAKE FRÅ KLASSETUR**

Nok ein klasse har vore med Aktive Fredsreiser på tur til Polen og Tyskland. Klassen reiste saman med elevar og vaksne frå Oddemarka skule i Kristansand.
Frå oss vaksne, inklusiv rektor, som var med på turen, kan me gje ungdommane dei aller beste skussmål. Men sidan dei nå ein gong er 15-åringar, var det godt å kunne gje dei tilbake til heimane i god behald. Meir om turen vil det bli informert om seinare.

**5. KLASSE HAR FÅTT SYKKELHJELMAR**

Måndag 26. september fekk 5. klasse sine sykkelhjelmar frå Bokn sanitetsforeining. Takk til foreininga som held fast på denne tradisjonen.

**BUDSJETT 2006 OG MOGLEGE KONSEKVENSAR FOR BARNEHAGEN, OG FOR GRUPPEDELINGA I SKULEN SKULEÅRET 2006/07**

Det er enno ei stund til rådmannen sitt budsjettframlegg for 2006 er klart og vil bli lagt fram til politisk behandling. Men rammene det skal budsjetterast innanfor er fastsett, og skule-SU var på sitt siste møte svært interessert i korleis budsjettramma kan innverke på skulekvardagen. Særleg var det konsekvensar som samanslåing av årssteg det blei spurt om.

I møtet blei SU informert om at seksjon kultur, skule og barnehage er pålagt å stramme inn 150.000 i 2005 og ytterlegare 300.000 i 2006. Som vanleg må det meste av innsparinga takast frå 1. august i skulen, og då kan 300.000 utgjere nesten 2 årsverk frå og med skuleåret 2006/07.

SU har bedt om å få framlegget til budsjett for 2006 for skulen til uttale på sitt møte 26.10.2005, og at foreldrekontaktane får den same informasjonen til sitt møte rett før.

Når det gjeld barnehagen er det budsjettert med vanleg drift med fullsett barnehage. Her er utfordringa kva ein skal gjere dersom det blir fleire søkjarar enn det er plassar til.

**FORBOD MOT MOBILTELEFONAR PÅ BARNESTEGET**

Foreldra har i foreldremøte oppfordra rektor til å innføre forbod mot å ha med og bruke mobiltelefon på barnesteget (1. - 7. steg). Årsaka er ein del uheldige episodar i det siste.

Etter ordensreglane punkt 17 kan rektor innføre forbod/regulering av bruken av mobiltelefonar. Forbodet/reguleringa kan gjelde bruken på veg til og frå skulen og i skuletida. Elevar, foreldre og skulepersonalet skal varslast skriftleg i rimeleg tid før forbodet/reguleringa trer i kraft.

Rektor er kjent med hendingane som er grunnlaget for ønsket frå foreldremøtet om forbod og har bestemt følgjande:

**Frå og med måndag 17. oktober er det forbode for elevar på barnesteget (1. - 7. steg) å bruke eller ha med mobiltelefon til skulen i skuletida.**

**SKULEN SITT FORKONTOR**

Forkontoret på skulen har endra litt på opningstida og er dette skuleåret betjent **Kl. 08.00 - 12.00**
alle skuledagar med unnatak av fredagar, **telefon 52 75 25 69.**

I dette tidsrommet vil Annette Bokneberg kunne hjelpe deg med det meste som gjeld skule og barnehage, og finn du henne ikkje på skulekontoret kan du kanskje prøve servicetorget, Boknatun, tlf 52 75 25 00

## Gullkorn fra avisannonser

Bulldog selges. Spiser det meste og liker barn.

Fallskjerm selges. Brukt en gang, aldri åpnet, litt skitten.

Barnebarn + sittevogn: 375 kr.

Fryseboks, 2 år gammel, laget for 2-3 personer.

Eldre dame eller herresykkel kjøpes billig.

Tomannstelt, brukt én gang, byttes mot barnevogn.

Leilighet med utsikt over grøntområde og parkettgulv.

Fin leilighet med balkong uten innsikt.

Liten stue på fjellet, med bastu på 65 kvadratmeter.

Velkommen til Anton

Carlsson - røkt laksehandler.

Hos oss bor du billigere enn du betalar for.

Bjørks bussreiser - et alternativ til en hyggelig ferie.

## Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

OKTOBER
31. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30

NOVEMBER
01. Ulv og Meis- opptak, Speidar - patruljemøte
**03. Teddybjørnens dag på Biblioteket kl. 10.00 - sjå eiga annonse s. 18**
**03. Kulturkveld på Bedehuset kl. 19.00 m/Pater Pollestad - sjå eiga annonse s. 16**
06. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
06. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
08. Speidar-opptak på Bedehuset
10. Formiddagstreff for store og små på Kyrkjebygd kl. 11.00 - 13.00
**11. ABR-senteret har basar kl. 19.00 på Bedehuset**
13. Gudsteneste kl. 16.00 - Bibel til 4-åringane
14. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
15. Kino i Auditoriet
15. Ulv og Meis, Speidar - patruljemøte
15. Formannskapsmøte
19.-20. Seminar, Bokn skulekorps
20. Ekornspeidaren går tur til radaren på Austre Bokn, oppmøte i Nordre Våga kl. 15.00
22. Speidar - førarmøte (blindebukk)
**23. Normisjon har møte på Bedehuset kl. 19.30**
**23. Årsmøte i Bokn skyttarlag, Allrommet kl. 20.00**
24. Formiddagstreff for store og små på Kyrkjebygd kl. 11.00 - 13.00
24. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
**24. Demonstrasjon i dekorasjonar på skulekjøkkenet, arr. Hagelaget - sjå eiga ann. s. 16**
26. Seminar, Bokn brass
27. Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse, alle speidarar (Ulv og Meiser, Ekornspeidere)
28. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
29. Ulv og Meis, Speider - patruljemøte

DESEMBER
01. Formannskapsmøte
01. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
06. Grøtfest for speidarane kl. 18.00 på skulen
08. Formiddagstreff for store og små på Kyrkjebygd kl. 11.00 - 13.00
11. Gudsteneste kl. 11.00
11. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
12. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
13. Kino i Auditoriet
13. Kommunestyremøte
18. Nissemarsj, arr. Bokn idrettslag
18. Juletrefest på Bedehuset kl. 15.00, arr. Ekornspeidarane
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletrefest på Bedehuset kl. 15.00
31. Gudsteneste kl. 16.00

# Ekstra sunn skuledag

Jardar Havikbotn

**Fargerike og svært innbydande bord med frukt og grønt prega gymsalen i lunsjtida 7. oktober.**




**10. klasse hadde tilrettelagt eit enkelt og sunt måltid.**

Det var Coop Bokn, sponsor av gildet, som hadde spurt kokk Gunnar Bokneberg om å laga eit skulemåltid av frukt og grønt. Han fekk med seg 10. klasse og styremedlem i Coop Bokn, Rita Jensen. Tiltaket var eit ledd i den landsdekkande kampanjen til Coop, <u>**Godt å vite**</u>, der kjeden ynskjer å tilrettelegga for at ein enklare kan eta sunnare.

Og avgangsklassen klarte oppgåva med glans. Heile 12 fristande bord med frukter og grønnsaker var tilberedt på ulike måtar, med tanke på at medelevane skulle eta dette på ein grei måte. Nokre velsmakande urtebrød sette ein spiss på det heile. Rundt omkring i salen var det hengt opp informasjonsplansjar om den sunne maten.

Styrar ved Coop Bokn, Annbjørn Sunde, var innom og fekk sjå at prosjektet hadde gått etter planen. Og skulen takka han for maten med ein rungande applaus.

Gunnar sa nokre innleiande ord om sunt kosthald,



NØGDE: Rektor Ingjerd Ellingsen (tv.) og Rita Jensen i samtale med styrar ved Coop Bokn, Annbjørn Sunde. Sistnemnde er også svært nøgd med at det 3. november er klart for On-line, "Tipping og spill" i butikken.



**- På eit år bør du få i deg like mykje jern tilsvarande denne spikeren, sa Gunnar Bokneberg til skuleelevane.**

med fokus på næringsstoffer i ulike frukt og grønnsaker, før elevane (og etterkvart dei vaksne) kunne forsyna seg av godsakene. Her var ein del nye smakar for unge ganar, men fleire elevar fekk seg positive a-ha-opplevingar, særleg med ukjende frukter.

- Det va godt, var ein vanleg kommentar rundt bordene.

Og elevane åt. Fleire fann seg favorittstader og kom igjen og igjen til fata stod tomme. Fire store urtebrød forsvann i rekordtempo medan salatane fekk stå lengst, kanskje ikkje så overraskande.

Mange smil og roleg stemning vitna om at maten fall i smak og at Coop sin intensjon om at det er enkelt å eta sunt var innfridd.

54 av skulen sine 120 elevar abonnerer på frukt & grønt til kr. 2,50 pr. dag. Kanskje enno fleire vil gjera dette etter denne dagen.

**Medan 10. klasse gjorde i stand Frukt & grønt-måltidet, forberedte 9. klasse seg på å servera resten av ungdomsskulen og personalet ved skulen dei lekraste lammerettar.**



KLAR TIL SERVERING: 9. klasse med ein svært innbydande meny.

Det byrjar å bli eit sikkert haustteikn at kokkane Gunnar Bokneberg og Johannes Nilssen kjem til 9. klasse med eit lam. Dette har nemleg skjedd dei fem siste åra, med unntak av i fjor då det ikkje gjekk an å få det til. Sponsor er saualaget (30 medlemmer), som har ein intensjon om god marknadsføring av lammekjøtt.

Då eg nærma meg skulekjøkkenet den 7. oktober, kjende eg kvitlaukseimen stod ut vindauga. Ja, me hadde med oss ein kasse, men har ikkje brukt alt, humrar Johannes.

Kvitlauk var ikkje einaste tilbehør, for dei tre gruppene i klassen varta opp med fylt lammesal, får i kål, lammesteikar, lam i karry, lammewok og kebab. Og heile lammet blei brukt, heilt frå byrjinga. Elevane var også med og parterte.

- Me vil gjerne at elevane skal sjå eit heilt dyr - at me lever av naturen. Slike ting er det ikkje fokus på i dag. Dessutan har me i tankane at nokre av ungdommane kanskje skal på jakt seinare i livet, og denne erfaringa er god å ta med seg, fortel Gunnar.

Elevane (og personalet) på Bokn skule er heldige som får oppleva eit skuleopplegg som dette. Gled dykk til neste haust, 8. klasse!

# Et edderkoppliv

Suzanne Wahl

**En av landets sjeldneste edderkopper er kanskje i Bokn.**

Helt siden jeg var liten har jeg ikke vært spesielt glad i edderkopper, men siden januar har jeg utviklet en utrolig interesse for disse skapningene, etter et besøk på Kjetil Aakras hjemmesider hvor jeg også fikk et innblikk i husedderkoppen Petters tilværelse.

Jeg har nå skjønt viktigheten av dette insektet og tar vare på de som har søkt ly i mitt hjem. De holder tross alt hjemmet mitt relativt fritt for andre og mindre behagelige kryp.

**Spennende bilde**

Fascinasjonen ble desto større da jeg med et lånt semi profesjonellt digitalkamera kunne fotografere disse, og lite visste jeg at jeg mulig satt med en av landets sjeldneste edderkopper i hånden. Etter å ha fungert som en ypperlig miniatyrmodell på et par millimeter lot jeg den forsvinne bortover gulvet. Det hadde den aldri fått gjort hadde jeg visst hvilket svar jeg fikk i postkassen noen dager senere.

**Oonops pulcher**

Konservatoren Kjetil Aakra ved Museumet i Midt-Troms ga meg klar tilbakemelding om at dette var et av de mer spennende bildene han hadde mottatt, og dette kunne dreie seg om den svært sjeldne Oonops pulcher. Det spesielle med denne er at den kun har 6 øyne i motsetning til de vanlige 8. Den er til forveksling utrolig lik den litt vanligere Oonops domesticus, kun nøye studie vil skille disse to. Pulcheren er tidligere registrert kun 3 ganger i Bergens-området.

Jeg har vært på leting i huset etter dette mulige funnet flere ganger, men håpet svinner jo med dagene som passerer. Oonops pulcher er en edderkopp som trives i trær og busker, ikke inne. Men det hadde vært utrolig moro om Bokn fikk komme som den 4. markeringen til denne sjeldenheten og oppfordrer alle til å ta en titt rundt. Edderkopper er nyttedyr som vi



alle bør ta vare på, og drepes en edderkopp økes levevilkårene til skadeinsekter betraktelig. Vi bør tross alt være glade for at vi er spart for giftige arter i dette landet.

**Ta kontakt**

Hvis noen skulle finne en liten guloransje edderkopp som maksimalt er 4 mm stor, vær vennlig å ta den i en beholder slik at jeg kan få ta en titt **(95 46 15 94 ).**

## Verdas dag for psykisk helse

I samband med Verdas dag for psykisk helse arrangerte Bokn Sanitetsforening eit temamøte den 19.10.05. Programmet for møtet var ADHD, oppmerksomhet og konsentrasjon.

Til tross for at det var sendt ut skriftlig invitasjon om møtet til foreldre med barn i barnehagen og skulen, var det svært dårlig frammøte.

**Sigmund Lier** fra PPT i Tysvær holdt et interessant foredrag og viste ein film om korleis ADHD blir opplevd av pårørande og dei som har fått diagnosen.

Nokre kjennetegn på ADHD er m.a. hyperaktivitet, impulsivitet, aggresjon, utaggering, oppmerksomhetssvikt, isolasjon og depresjon.

Årsakene til ADHD er mange. Ein av dei er arv. 3 – 5 % av alle skuleborn i verda har fått diagnosen ADHD.
I Norge er det ca. 120.000 born og vaksne som har ADHD, ca. 3.000 av desse får medisinsk behandling.

Etter møtet var det kaffi og mat.

## Gode utsikter for Bokn kommune

Jardar Havikbotn



**- Signala frå den nye regjeringa vil styrka kommuneøkonomien betrakteleg.**

Dette seier rådmann Jan Erik Nygaard. Han legg til at ein må avventa framlegget til statsbudsjettet i november, som bygger på den såkalla Soria Moria-erklæringa, men signala om 2,4 millionar meir til Bokn kommune i 2006 er svært positive signal.

Den raud/grøne regjeringa vil auka overføringane til kommunane, og særleg distriktskommunane. Dei har signalisert eit tal på heile 5,4 milliardar. Dette er 3,5 milliardar meir enn det den forrige regjeringa hadde lagt opp til.

- Dette er frie midlar for kommunane, det vil seia at det ikkje ligg bindingar på kva dei skal brukast til, kjem det frå rådmannen, som også gler seg over at staten vil dekka kostnadene når foreldrebetalinga i barnehagane skal reduserast med kr. 500,- frå 1. januar neste år.

Den nye regjeringa har også signalisert at forslaget til nytt inntektssystem ang. inntektsoverføringane frå staten, som ville slått negativt ut for Bokn, ikkje vil bli akseptert.

Regjeringa har også sagt at det ikkje er aktuelt å tvangssamanslutta kommunar.

- I tillegg til dette vil eigedomsskatt frå gasskraftverket på Kårstø, som får Co2-rensing i 2009, styrka økonomien ytterlegare, avsluttar ein rådmann, som kommenterer kommunesamslutningsprosessen slik:

- Signala gir Bokn kommune økonomisk handlefrihet slik at ein kan oppretthalda gode tenester, grunnlag for eit økonomisk fundament, så får folk trekka sine eigne konklusjonar.

## På kino 15. nov.

**Superkatten Zorba (alle) - kr. 50,-**




Superkatten Zorba er et sjarmerende eventyr om bykatten Zorba, som ser fram til fire uker med fred og ro mens matmor er på ferie.

Så dumper den oljeskadete måken Kira ned på balkongen hans.

Med sine siste krefter klarer Kira å legge et lite grått egg. Før hun dør får hun Zorba til å sverge på at han ikke skal spise egget, at han skal ta vare på måkeungen og viktigst av alt: At han lærer den å fly.

Zorba aner ikke hva han har sagt ja til.......




**En film om å leve til man dør**

**Giganten (alle) - kr. 70**

Giganten er ingen dokumentarfilm selv om materialet er dokumentarisk.

Filmen følger Erik Bye gjennom de tre siste årene han levde. Du møter poeten, sangeren, filosofen, humoristen, opprøreren, krigeren, piloten, pasienten - og ikke minst mennesket Erik Bye.

I denne sorgmuntre filmen feires livet og kjærligheten til gangs.

Giganten er nesten fri for de store tilbakeblikkene og den Erik Bye vi kjenner gjennom TV, radio, aviser og ukepresse.

# Kretsmesterskapet i trial

Ragnhild Trosnavåg

**Laurdag 24. september var det klart for KM 4 på Årabrot i Haugesund.**

I sol og flott vér var fem guttar frå Bokn klar for løp saman med 85 andre kjørerar frå heile Rogaland.

I Barnetrail deltok **Joakim Skjelde** (th på bildet) og **Sverre Trosnavåg**. Dette er klassen med dei framtidige topp-kjørerane, men ennå får dei kosa seg og kjøre nesten som dei vil, ingen får prikker og alle vinn fin pokal for 1. plass.



I klasse Rekrutt og D var det 7 seksjonar som løparane skulle kjøre gjennom tre gonger. Ein seksjon er ei avmerka løype med førskjellige hinder i. Her gjeld det å kjøre gjennom med minst muleg prikkar. Prikkar får ein når ein gjer "feil", m.a. visst ein tar ein fot i bakken, kjører feil i løypa, lar sykkelen renne bakover, m.m. I ein seksjon kan man maks få 5 prikkar pr. omgang.



I Rekrutt-klassen debuterte **Vilhelm Våge** (bildet), han klarte seg kjempegodt. Det blei kun åtte prikkar og det holt til ein flott 13. plass av 25 kjørarar. Harald Trosnavåg deltok i same klasse, han kjørte prikkfritt gjennom alle seksjonene. Betre kan det jo ikkje kjørast, men dei var fire kjørere på null prikkar. Då skiller ein plasseringane på brukt tid, og Harald var den som hadde brukt lengst tid, dermed blei det 4. plass.

I klasse D var det 19 kjørarar, dei kjører eit hakk vanskelegare løyper enn Rekrutt. Martin Trosnavåg kjører denne klassen og har til nå ligge midt på tre. I sommar/haust har han fått trent med kjørarar fra Haugesund og Karmøy, på eit høgare nivå enn ein har på Bokn. Det viste igjen på kjøringa, han kjørte på kun 3 prikker og det holdt til 1. plass.

For å kunne arrangere eit slikt stort løp, trengst det ein del medhjelparar. M.a. trengst det dommarar i kvar seksjon. ( To sett løyper, eit for Rekrutt/D/C/KD og ei for klasse B/A ). Her stilte Leif Hansen som dommar. I veka før løpet fekk alle dommarar gå på dommarkurs.



**Nøgde guttar etter premieutdelinga. Fv. Harald Trosnavåg, Martin Trosnavåg, Vilhelm Våge, Sverre Trosnavåg og Joakim Skjelde.**

Alle som var med frå Bokn var svært nøgde med gjennomføringa.

# Kretsmeister i trial

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Ragnhild Trosnavåg

**Martin Trosnavåg gjekk heilt til topps i sin klasse under KM i trial på Årabrot i Haugesund.**

Den talentfulle 13-åringen har drive med trialkøyring i ca. 5 år, i Pluggen motorklubb på Bokn. Frå i sommar har han også trent saman med trialklubbar i Karmøy og Haugesund. I nærleiken av flyplassen på Helganes ligg ein interkommunal trialbane, men Martin er mest på Kvala, saman med sykkelen sin, ein Sherco 125 - 2001 modell.

I kretsmeisterskapet 24. september fekk altså Martin færrast prikkar gjennom dei sju løypene dei køyrde (dei køyrer også kvar løype tre gonger).
- Me får prikkar viss me tar foten i bakken, kvelar motoren eller renn bakover, skyt Martin inn, som synest at oppsteiling i bratt og glatt terreng er det mest utfordrande i løypene.

Han seier at balanse er svært viktig, og for å utvikla seg vidare er det lurt å trena i vanskeleg terreng.



**Martin Trosnavåg i aksjon under Kretsmeisterskapet på Årabrot i Haugesund.**

- Eg reiser for å læra, av å sjå på dei som er betre, fortel ein målretta 8. klassing entusiastisk.
Det er hyggeleg at Pluggen motorklubb, som er ei grein i Bokn idrettslag, har fått fram slike utøvarar som Martin. Det hjelper også på med entusiastiske foreldre og at begge brørne, Harald og Sverre, også utøver same sporten.
I Pluggen er det nå 18. stk. med lisens, i alderen 6 til 15 år. Klubben eig 5 syklar i tillegg til at det er fire private i bruk på under treningane på Knarholmen, som er på laurdagar kl. 13.00 - 15.00.

**KM i Bokn neste år**
Ekstra stas er det at klubben skal arrangera KM6 neste år. Stevne nr. 6 av 7 i Kretsmeisterskapet 2006 i Rogaland vil bli ei fin fjør i hatten for Pluggen og god markedsføring for motorsport i Bokn.

Martin skryter av løypa i Knarholmen. Ho er utfordrande både for nybegynnarar og vidarekomne.
Tidlegare har det både vore trialaktivitet på Torland og på Kyrkjebygd. Vatnaland var også aktuell, i nærleiken av E39, men dette blei stoppa av Vegvesenet.

Forutan påbudte hjelmar og spesialstøvlar, køyrer Martin med både ryggskinne (skilpaddeskall), kne- og albuebyskyttarar. Trial er ein dyr sport, men den billegaste motorsporten.



**STOR PRESTASJON: Martin Trosnavåg med 1. premie i klasse D.**

- Eg har også tatt igjen pappa, sjøl om han vågar litt meir enn meg ennå, smilar talentet.

Og pappa, Artur Trosnavåg, seier at personar som vil prøva trial (frå det året dei fyller 6 år) kan ta kontakt med han på tlf. **40 40 50 93**.




Er tiden moden for en gjennomgang av din privatøkonomi – dine lån, spare-, forsikrings- og pensjonsordninger, skatt og annet som måtte være aktuelt for deg? Din økonomi og dine mål kan ha endret seg – noe som gjør det viktig å foreta endringer og justeringer underveis.

SpareBank 1 SR-Bank Bokn skal være møteplassen der vi sammen legger til rette for de gode løsningene. Målet er at din økonomiske hverdag skal være den aller beste.

Ta kontakt på telefon 02002 eller stikk innom oss i Bokn for en uforpliktende samtale.

Vit at vi er der. SpareBank 1 SR-Bank



MØT PATER

**KJELL A. POLLESTAD**

PÅ BOKN BEDEHUS

TORSDAG 3. NOV. KL. 19.00.

**LIVET ER BEDRE ENN SITT RYKTE**

DET VERT SAL AV BØKER

MAT - INNG. KR. 100,-

ARR. BOKN BEDEHUS OG BOKN BIBLIOTEK

**DEMONSTRASJON**

Torsdag 24.11.2005 kl. 19.00 på skulekjøkkenet

Demonstrasjon av dekorasjoner.

**Vi får i år besøk av Frakkagjerd blomster og gaver.**

De vil bli utlodning og servering av kaffe og kaker.

Alle hjertelig velkommne.

***Hilsen***
***Bokn Hagelag***

**LEILIGHET, 50 m2** på Bokn (klokkarvegen) til leige.

2. etasje - god utsikt

**Tlf. 52 74 83 78 - 41 29 41 05**

Vi har en **Ford Sierra mod. –88** som vi vil ha vekk!

Kr. 1.500,- kan brukes som delebil.

**Ring mer for info - 47 87 22 91 - Nina**

**Bokn skyttarlag har årsmøte onsdag 23. november i Allrommet på Boknatun.**

## Dette må du få med deg !!!!!!!

Relasjonskompetanse - resultater gjennom samhandling.

Bokn næringsforum inviterer alle til et inspirerende og interessant foredrag av vår tidligere skolesjef og visesanger JAN SPURKELAND.

**Informasjon om obligatorisk tjenestepensjon v/ Olav Rossebø**

**Nytt fra kommunen v/Svein Ove Alvestad**

**Utdeling av "kreativitetsprisen"**

**Velkommen til Sjøhuset i Alvestadkroken**

Mandag 14.11 kl. 19.00

**Kr. 150,- pr. person inkl. nydelig fiskesuppe m/brød.**

**Påmelding innen 10.11.05**

**Espen Alvestad tlf 90015921. Rune Vatnaland 91158547**





*Jan Spurkeland* (Seim/Bergen)

Lang erfaring innen lederutvikling i Statoil og en rekke offentlige og private organisasjoner.

Foredragsvirksomhet på konferanser, høyskoler, universiteter, ledersamlinger og kurs.

Har et langt forfatterskap og ga i 1998 ut boka "Relasjonsledelse". Representerer selskapet

**Mandag til torsdag**
**09.00 - 17.00**
**Tlf. 52 74 83 16**

# COOP BOKN

**Fredag 09.00 - 18.00**
**Lørdag 09.00 - 14.00**

- **Dagligvarer**
- **Medisinutsalg**
- **Postfilial**
- **Bensin–Diesel**
- **Driftsmidler**
- **Bank i butikk**



## TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt innmark
Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

*Kontakt Morten Ullenes*
*4150 Rennesøy*

51 72 31 33    900 16 817

### Linedance

Onsdager i oddetallsuker kl. 20:00-21:30 på Idrettshuset.

Uke 45, 47, 49 osv.
Alle er velkommen.

Bokn Danse- og ungdomslag

### Knalltørre ved

Låvetørket blandingsved, eik, furu m.m. - 30 cm i 40 liters sekker
Kr. 30,- pr. sekk - tilkjørt

Tlf. 97 16 56 84

**NMS julemesse for Bokn og Tysvær på Tysvær soknehus lørdag 19.11 kl. 11.00**

### KROVÅGEN HESTESENTER

ISLANDSHEST • SHETLANDSPONNY

GODKJENT NPA-STUTTERI

**Søndag 4. desember:**
Førjulstreff i stallen kl. 12 og 14 for liten og stor.
Ridning og ponnykjøring. Påmelding på telefon 91 12 08 01 eller til **kachris@online.no** innen 1. desember.

**Lørdagsridning og andre aktiviteter i vinterhalvåret:**
Se våre hjemmesider **www.krovaagen-hestesenter.no** eller ring for informasjon.

**Rød og hvit shetlandshoppe:**
(1,5 år) til salgs.

## Julegrantenning

Søndag **27 nov.** er det tid for årets julegrantenning. Vi starter på skolen kl **16.00.**
Granen tennes kl 18.00, og vi avslutter i god tid før lysmessen.

Det blir utlodning av flotte premier, førstehjelps-utstyr, is, leker og hotell-weekend for å nevne noe.

Barnekoret og juniorkorpset bidrar med underholdning.

Det blir salg av kaker, kaffe og brus. Ved oppmøte av snille barn, kommer også julenissen.

Ta med deg familie og venner til en hyggelig start på adventstiden.

Trenger du skyss?
Ta kontakt med Tor Harald på tlf. 90 63 64 64.

**Hilsen Bokn Røde Kors Hjelpekorps**

## Juletresal

Tradisjonen tru sel Bokn Røde Kors Hjelpekorps juletre i år og. Ettersom me var godt nøgde med leverandøren frå i fjor, held me fram med Liv og Osmund Lund frå Sjernarøy. Dei har klassifisert norsk edelgran. Liste er lagd ut i butikken i Føresvik.

Det vil vera mogleg å ta ut/kjøpa tre laurdag 10.12.05 og 17.12.05 mellom kl 09.00 og 14.00 utafor butikken i Føresvik.

For dei som ynskjer det, blir treet køyrd til døra.

Pris kr 280,-

For telefontinging: 98 22 15 14 Unni
99 22 11 23 Kjell Frode

**Helsing Bokn Røde Kors Hjelpekorps**

## Hva med å gi førstehjelpsutstyr til jul?

Bokn Røde Kors Hjelpekorps selger følgende praktiske julegaver:

**Hard/myk liten førstehjelpskoffert kr. 300**
**Inneholder følgende:**

- førstehjelpshefte
- saks
- pinsett
- sikkerhetsnåler
- sårvaskservietter
- øyebadeglass
- saltvannsoppløsning 30 ml
- engangshansker
- munn-til-munn duk
- plasterpakke
- små kompresser
- smalt gasbind
- fingerbandasje
- liten enkelmannspakke

Disse små førstehjelpskoffertene kom på andre plass i test hos TV hjelper deg.

Til sammenligning kan du kjøpe nesten tilsvarende på apotek, men da koster den kr. 550,-



**Liten førstehjelpspose kr. 100,-**
Inneholder diverse førstehjelpsutstyr

**Nøkkelringer med munn-til-munn-duk kr. 30,- pr stk.**

**Interessert?**

**Kontakt Unni på tlf. 98 22 15 14**

## Slamtømming

Ny runde med slamtømming fra nytt tømmeselskap

Bokn kommune har inngått ny slamtømmingsavtale med Svein Klungtveit AS for de 4 neste årene.

De starter opp i november. Opplegget vil være slik som tidligere, at det kommer lapp i posten noen dager før tømmingen skal skje.

Spørsmål?

**Kontakt teknisk seksjon ved Unni på tlf 52 75 25 06 eller mobiltlf. 98 22 15 14**

**For direkte kontakt med Svein Klungtveit AS, ring tlf. 52 79 29 70**

## Radon – et folkehelseproblem det er lett å gjøre noe med

**(Utdrag fra Statens strålevern sine sider)**

**Den nest viktigste årsaken til lungekreft**
Radon er en radioaktiv edelgass som dannes når uran brytes ned. Norge er et av de landene i verden som har de høyeste radonkonsentrasjonene i inneluften. Ca. 10 % av den norske boligmassen har en radonkonsentrasjon over 200 Bq/m$^3$. I de aller fleste tilfeller er byggegrunnen hovedkilden til forhøyde radonverdier.

Stråledosene fra radon er større enn dosene fra all annen naturlig og menneskeskapt ioniserende stråling. Det er anslått at radon i innemiljøet er årsak til mellom hundre og tre hundre tilfeller av lungekreft i den norske befolkning årlig. WHO har konkludert med at radon er den nest viktigste årsaken til lungekreft, og at det bare er røyking som representerer en større lungekreftrisiko.

Det er ikke mulig å fastslå radonkonsentrasjonen i en bolig uten at det foretas en måling. Bare måling med sporfilm oppfyller kriteriene fra Statens strålevern. I boliger med en radonkonsentrasjon i oppholdsrom på mellom 200 og 400 Bq/m$^3$ bør enkle og billige tiltak for å redusere konsentrasjonen gjennomføres. Hvis radonkonsentrasjonen overstiger 400 Bq/m$^3$ anbefales alltid å gjennomføre mottiltak.

En anbefaler å måle radon i løpet av en 2 mnd periode fra oktober til april pga det er den tiden på året lufta innendørs er mest stabil.

Ønsker du mer informasjon kan du gå inn på Statens strålevern sine sider http://radon.nrpa.no.

**Ønsker du å foreta måling? Ta kontakt med teknisk seksjon v/ Unni W W Høivik på tlf 52 75 25 06 for videreformidling av kontakt.**



## TEDDYBJØRNENS DAG

BIBLIOTEKET INVITERER ALLE FRÅ 3 – 5 ÅR

SAMAN MED BAMSEN ELLER KOSEDYRET SITT TIL Å

VERA MED Å FEIRA TEDDYBJØRNENS DAG

**TORSDAG 03. NOVEMBER KL.10.00**

**PÅ BIBLIOTEKET**



## HELSEINFO

Det har de siste årene stadig blitt mer fokus på fysisk aktivitet og ernæring som viktige helsefremmende tiltak. Samfunnet utvikler seg mer og mer mot et organisert liv fra vugge til grav.

Vi har derfor store utfordringer for å tilrettelegge for fysisk aktivitet for barn, unge, voksne og gamle. Bokn kommune har gode muligheter til å lage et spennende og utfordrende utemiljø. Jeg håper at prosessen er i gang og at lokale myndigheter virkelig prioriterer dette.

Muskel-skjelettsykdommer og psykiske lidelser øker sterkt i samfunnet også blant unge og koster samfunnet svimlende summer. Samtidig viser forskning at jevnlig fysisk aktivitet forebygger slike plager. Det er derfor viktig at barn tidlig lærer seg å mestre ulike aktiviteter og får en god sansemotorisk utviling. På den måten kan de ha glede av trim og trening hele Livet.

**To enkle og gode råd:**
- en halvtime trim/trening hver dag.
- drikk vann i stedet for sukkerholdig drikke.

Geir Austvik
fysioterapeut

## INFLUENSAVAKSINE

Årets influensavaksine er kommet, og vaksinasjonen er startet opp. Hører du til risikogruppa, som er personer med hjerte- og lungesykdom, eller er over 65 år, blir det anbefalt at du tar vaksine. Andre kan også få vaksine.

Har du fastlege i Bokn, kan du ta kontakt med sykepleier på forkontoret for å avtale tid.

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

**BOKN FOTTERAPI**

Kvar tysdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

**Enkelte andre dagar etter avtale.**

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på tysdagar: 52 75 25 33

**Rita Jensen - fotterapeut**

**TRYGDEKONTORET**

| | |
|---|---|
| Kontortid | kl. 9.00 – 14.30 |
| Telefontid | kl. 8.00 – 15.30 |

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

**Ingunn Sunde - trygdesjef**

Kontoret er stengt 9.11 - 23.11

**LANDBRUKSKONTORET**

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 77 05 00

**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**

**DAGSENTERET**

Tid: kl. 10.00 - 14.00
Stad: Fellesstova til omsorgsbustadene.
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkommen.

Påmelding på tlf. 52 74 83 09

**Julianne Nilssen - aktivitør**

Stort forsidebilde:

Solnedgang i Loden

Foto:
Unni W W Høivik






Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**BYGDABLADNEMND**
Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

**TILSETTE**
Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

**ANNONSEPRISAR**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 620,- |
| Halvside | kr. 380,- |
| Kvartside | kr. 190,- |
| 1/8 side | kr. 125,- |
| Privatann. | kr. 40,- |
| Fastann. | etter avtale |

**www.bygdabladet.no**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

**Vi kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.**
**E-post: postmottak@bokn.kommune.no**

**Gro A. Sørensen**
**Seksjonssjef servicetorg**

A-Blad
Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

# Oppussing av Røde Kors-huset på Hognaland

Unni W W Høivik



**I sommer har det vært stor aktivitet rundt RK-huset.**

Inne har det blitt laget til et rom med toalett, og vi er ganske mange som er klare til å gi slipp på utedoen. Og endelig, nå har også Bokn Røde Kors fått vannklosett! I forbindelse med nedgraving av tank, ble det også laget en steinmur.

Utvendig har huset fått en "ansiktsløftning"! Flere av husets utvendige sider har blitt pusset med vinkelsliper, og deretter fått flere strøk med hvitmaling, og den siste finishen med rødt rundt vinduene. Det vil etter hvert også komme opp et skilt med Bokn Røde Kors.



5 Caspere på taket; Kjell Frode, Jostein, Magnar, Ingrid og Liv.
Under; Helen og Irene.

I september hadde vi en stor dugnadshelg hvor vi gikk til angrep på resten av taket. Til tider så det ut som 5 Caspers–spøkelser som vandret rundt og plukket ned eternitt-plater. Men ettersom der var så godt oppmøte, ble noen satt til matlagning, noen var på taket, noen

gikk berserk på trær og busker, og atter noen lekte i binge.... Rettelse lødde ved....

Nå er vi stort sett ferdig med det som brenner utvendig, så nå har vi å ta fatt på å panele loftet ferdig, sette opp kjøkkeninnredning og male storsalen.

Målet er å være ferdig innen 31.12.05. Det ser litt spøke ut, men det er enda noen uker igjen.

Vi vil takke både medlemmer og alle andre som har bidratt!

Minner ellers om at vi også i år skal ha julegran-tenning og juletresalg, og har ellers diverse førstehjelpsutstyr for salg.



Motorsagsjef Oddbjørn



Irene, Helen og Susanne lør ved.